



## **INVITASJON TIL LÆRINGSNETTVERK OM UTVIKLING AV TENESTER INNAN PSYKISK HELSE OG RUSFELTET**

KS inviterer kommunar i Hordaland til å delta i eit læringsnettverk som har til mål å bidra til brukarorienterte, heilskaplege og koordinerte tenester for vaksne personer med rus- og/eller psykiske helseutfordringar.

Helse- og omsorgsdepartementet finansierer satsinga og KS har ansvaret for gjennomføring av læringsnettverk. Målet er gode pasientforløp som er prega av god samhandling og aktiv brukarinvolvering. Dette er eit delprosjekt i satsinga «Gode pasientforløp».

Læringsnettverket har som mål å bidra til betre samhandling mellom dei ulike einingar og nivå i tenestene, samt å styrke brukarperspektivet og utvikling av meistringsorienterte tenester.

Visjonen for arbeidet er at fokus skal flyttast frå "Kva er i vegen med deg?" til "**Kva er viktig for deg?**".

**Første samling blir på Quality Hotel Edvard Grieg, Sandsli 8. og 9. mai 2019.**

### **Læringsnettverket vil jobbe med tema som:**

- Innovasjon og tenestedesign
- Samhandling mellom tenester og brukarmiljø, ulike einingar i kommunen og mellom kommune og helseføretak
- Arbeidsformer og samhandlingsrutinar som støtter opp om overordna recoverytenkning, innan kommunane og mellom forvaltningsnivåa
- Brukaren si deltaking og ansvar for eigen betringsprosess - korleis blir det jobba med å følgje opp svaret på «**Kva er viktig for deg?**»?
- Utvikling av likeverdige roller - kva for muligheiter/arenaer er tilgjengelege for å skape sosialt verdsette roller i lokalsamfunnet?

- Kunnskapsbasert praksis – kva veit vi om kva som verkar, og korleis sikrast effektive tenester?
- Styrke forbettringskompetansen hos leiarar og medarbeidarar

## **Forventningar til kommunane i læringsnettverk**

### *1. Etablere forbettringsteam:*

Kommunen etablerer eit forbettringsteam. Kor mange som inngår i forbettringsteamet vil avhenge av storleiken på kommunen. Vi tilrår at teamet består av minimum 5 deltakarar og at det er tverrfagleg samansett. Forbettringsteama definerer eigne forbettringsområde/behov. Forbettringsteamet bør ha tilgang til erfaringskompetanse om mogleg. Deltakarane i forbettringsteamet treng ikkje vere tilsett i kommunen, men må ha ei rolle i teamet knyta til utfordringane det skal jobbast med.

### *2. Delta på samlingar*

KS fasiliterar 4 samlingar. På samlingane vil det bli presentert og jobba med praktiske verktøy og metodar for å fremme kvalitetsforbetring og meir recoveryorienterte tenester. Det tverrfaglege forbettringsteamet møtest på fire samlingar der dei deler kunnskap og erfaringar og inspirerer kvarandre.

### *3. Arbeide mellom samlingar*

Forbettringsteama arbeider mellom samlingane og at forbettringsarbeidet held fram etter siste samling for å sikre at oppnådde forbettringar skal bli ein naturleg del av den daglege drifta.


### *4. Forankring*

Det er viktig for prosess og resultat at forbettringsteamet og forbettringsområder er godt fortankra i leiinga i kommunen. Leiar for helse- og omsorgstenesta signerer søknaddskjema/påmeldingsskjema.

## Framdriftsplan for læringsnettverka:



### Læringsnettverk – psykisk helse og rus



#### Praktisk

Læringsnettverket startar opp med første samling i Bergen. Kommune/helseføretak må sjølv dekke utgifter til reise og opphald på samlingar. Læringsnettverket har ingen kursavgift. Meir Informasjon kan dykk mellom anna finne på [ks.no](http://ks.no), [Notat](#) om læringsnettverk psykisk helse og rus

#### Søknadsprosess

Kommunar som ønskjer å delta, fyller ut vedlagde søknadsskjema som må sendast KS senast **innan 21. februar 2019** på e-post til [ks@ks.no](mailto:ks@ks.no). Dersom de treng lenger tid på forankringsprosess eller har spørsmål, ta kontakt med:

Anne Turid Nygaard, telefon 48002032 eller e-post: [anne.turid.nygaard@ks.no](mailto:anne.turid.nygaard@ks.no) eller Risten Lango, telefon 93688733 eller e-post: [risten.lango@ks.no](mailto:risten.lango@ks.no)

Med venleg helsing

Åse Laila Snåre  
avdelingsdirektør KS

Anne Turid Nygaard  
Rådgevar KS

